



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 31 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 18. november 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2011.

2 Framlegg til endringar i løyvingar under kapittel og postar i 2011

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

I Prop. 120 S (2010-2011) blei det lagt til grunninntekter under kap. 4100 post 40 på 1,190 mill. kroner, og ei tilsvarende justering av kap. 1100 post 45. Inntektene er no justert ned med 610 000 kroner, og løyvinga over kap. 1100 post 45 blir dermed foreslått redusert tilsvarende.

Kap. 1115 Mattilsynet

Post 71 Tilskott til erstatningar

Posten omfattar utgiftene Mattilsynet har til nødhjelp til dyr etter dyrevernloven § 6, der utgiftene ikkje kan drivast inn frå eigar. Staten skal i med-

hald av lova dekkje slike utgifter, og løyvinga over posten er ei overslagsløyving. Ved utgangen av september er det ført om lag 2,5 mill. kroner posten. For å sikre ei realistisk budsjettering, foreslår Landbruks- og matdepartementet å auke løyvinga over posten med 2 mill. kroner til 3,131 mill. kroner.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.

Formålet med løyvinga er å gi økonomisk kompensasjon til føretak i jordbruket som har lidd tap som kjem av forhold føretaket ikkje rår over. Løyvinga over posten er ei overslagsløyving. Det har i år blitt framsett langt større krav enn det som var føresett i Prop. 126 S (2010-2011) som følgje av skadar frå flom og nedbør. Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga over posten med 40 mill. kroner til 73 mill. kroner.

Post 73 Pristilskott

Formålet med løyvinga er å styrke bøndene sine inntekter og å jamne ut distriktsforskjellar som skyldast ulike dyrkingsvilkår og infrastruktur.

Løyvinga over posten er ei overslagsløyving, og tilskott blir gitte i tråd med fastsette satsar. Prognosen frå Statens landbruksforvaltning viser eit mindreforbruk på 33,610 mill. kroner for 2011. Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga over posten i tråd med dette.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

Post 40 Sal av eigedom

I Prop. 120 S (2010-2011) blei det lagt til grunn inntekter på 1,190 mill. kroner frå sal av tre setre i Dovrefjellsregionen. I forhandlingane mellom kjøpar og grunneigar om festekontrakt for ei av setrene blei det ikkje semje, og i tråd med føresetnadene for salet blei kontrakten annullert. Det høgste bodet på denne setra var på 610 000 kroner. Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å redusere inntektene over posten tilsvarende.

Kap. 4115 Mattilsynet

Post 01 Gebyr m.m.

Gebyrinntektene under Mattilsynet for 2011 ser ut til å bli lågare enn budsjettert i Prop. 1 S (2010-2011). For å sikre ei realistisk budsjettering, foreslår Landbruks- og matdepartementet å redusere inntekten over posten med 14,8 mill. kroner til 115,5 mill. kroner.

Det blir ikkje budsjettert med inntekter frå skjellkontrollen i 2011 fordi det truleg ikkje vil føreliggje ei avklaring om regelverket for gebyret i løpet av året. Det er venta lågare inntekter frå oppfølgjande tilsyn ettersom retningslinja for gebyret blei endra i april 2011. Det har også vore lågare inntekter frå tvangsmulkt enn det er budsjettert med.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

Post 70 Tilbakebetalt tilskott til reguleringsanlegg

I samband med jordbruksavtalen blei det lagt til grunn at det kunne budsjetterast med 2,025 mill. kroner i tilbakebetalt tilskott for reguleringsanlegg i 2011. Nye anslag tyder på at inntektene blir høgare, og Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke inntektene over posten med 1,633 mill. kroner.

Post 85 Marknadsordninga for korn

Marknadsordninga for korn omfattar prisutjanningsbeløp på råvarer til produksjon av kraftfôr. Inntektene er avhengig av det omsette volumet og forskjellen mellom norsk målpris på protein og prisane i verdsmarknaden. Nye anslag tyder på at inntektene frå ordninga blir høgare, og Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke inntektsløyvinga over posten med 32 mill. kroner.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

Post 70 Avgifter i matforvaltninga

Nye prognoser tyder på auka inntekter frå avgifter i matforvaltninga på 32 mill. kroner. Avviket samanlikna med Prop. 1 S (2010-2011) har hovudsakleg å gjere med auka inntekter frå matproduksjonsavgift på landbaserte næringsmiddel og importerte varer. Landbruks- og matdepartementet foreslår i tråd med dette å auke inntektene på posten med 32 mill. kroner.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet

Post 85 Utbytte

Inntektene på posten blei auka med 11,830 mill. kroner i Prop. 120 S (2010-2011). Endelig avrekning frå Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS viser noko større inntekter. Det er også utbetalt utbytte frå Graminor AS som det ikkje var gjort rekning med i Prop. 1 S (2010-2011). Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke inntektene over posten med 870 000 kroner.

Kap. 5652 Innskottskapital i Statskog SF

Post 80 Renter

I samband med kjøpet av Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010-2011), fekk Statskog SF eit ansvarleg lån på 475 mill. kroner frå staten. I 2011 er det venta at Statskog SF vil betale 24,710 mill. kroner i renter på lånet. I tråd med dette foreslår Landbruks- og matdepartementet å opprette ein ny post 80 under kap. 5652 med inntekter på 24,710 mill. kroner for 2011.

3 Andre saker

fullmakta for 2011 med 36 mill. kroner til 66 mill. kroner.

Auka tilsegnfullmakt, naturskade

Kap. 1148 post 71 er ei overslagsløyving, og skadeerstatningar blir gitte etter nærare fastsette reglar. Oppdaterte prognoser viser at det vil bli gitt tilsegn om erstatningar i 2011 som ikkje vil komme til utbetaling same året. Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke tilsegn-

Landbruks- og matdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1100		Landbruks- og matdepartementet:	
	45	Store utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i> , blir redusert med	610 000
		frå kr 6 635 000 til kr 6 025 000	
1115		Mattilsynet:	
	71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr 1 131 000 til kr 3 131 000	
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	40 000 000
		frå kr 33 000 000 til kr 73 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	33 610 000
		frå kr 2 283 500 000 til kr 2 249 890 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	40	Sal av eigedom, blir redusert med	610 000
		frå kr 1 190 000 til kr 580 000	
4115		Mattilsynet:	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med	14 800 000
		frå kr 130 322 000 til kr 115 522 000	
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	70	Tilbakebetalt tilskott til reguleringsanlegg, blir auka med	1 633 000
		frå kr 2 025 000 til kr 3 658 000	
	85	Marknadsordninga for korn, blir auka med	32 000 000
		frå kr 10 000 000 til kr 42 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5576		Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	
	70	Avgifter i matforvaltninga, blir auka med frå kr 613 767 000 til kr 645 767 000	32 000 000
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir auka med frå kr 12 580 000 til kr 13 450 000	870 000
5652		Innskottskapital i Statskog SF	
	80 (ny)	Renter, blir løyvd med	24 710 000

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2011 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	66 mill. kroner

=====



Trykk: AS O. Fredt Arnesen. November 2011

241491